



Jektholmen blir mykje brukt som friområde og det nye akvakulturanlegget blir liggjande like utanfor den, opplyser underskrivarane.

**Hytteegarar og grunneigarar på Skorpo har reagert mot det føreslegne oppdrettsanlegget på nordvestsida av øya. Sjøtroll Havbruk AS står bak planane. Plasseringa vil vera like utanfor eit hyppig brukt friområde, Jektholmen. Den er mykje brukt til rekreasjon både for hyttefolk, båtfolk og fastbuande i nærområdet.**

- Slik anlegget er plassert vil dette vera til stor sjenanse både støy- og forurensingsmessig til dette friområde, skriv Hans Skorpen til kommunen.

Han skriv på vegne av Steinar Høgheim, Andor Skorpen, Wenche Haugen/Rolf Skorpen, Brit Dale, Svein Skorpen, Inger Marie Lothe og Beathe Lindeflaten og held fram:

- Opplysningar frå andre hytteegarar på Skorpo tyder på at det tidlegare frå kommunen si side var lagt opp til at hyttebyggjing på øya skulle konsentrerast på nordsida i området frå nordre Skorpevågen til Mjødnasund, Slik er det også lagt opp til dei siste ti åra. Det er såleis eit titals hytter og eit gardsbruk med fleire fastbuande som får utsyn og blir sjenert av anlegget. Med støy og forurensing heile døgnet og sjenerande lys på kvelds- og nattetid.

På Skorpo finst det areal/område lenger sør mot Skorpegavlen der ein kan leggja anlegg utan at det er til heft for hytteegarar, fastbuande eller brukarar av friområde. Slik me lesar kart kan anlegg leggst i kvit sektor, samt innafor samme djupneforhold lenger ute i fjorden.

Søknaden frå Sjøtroll er heller ikkje komplett. Miljøundersøking og straumundersøking er ikkje vedlagt søknaden, sluttar Skorpen.

Av Ola Matti Mathisen